



MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret
Møtedato: 04.11.2010
Møtetid: 14:00 - 17:10
Møtestad: Kommunehuset

Av 21 medlemmer møtte 21, inkludert varamedlemmer.

Desse medlemmene møtte ikkje:	I staden møtte:
<ul style="list-style-type: none">• Jens Harald Abotnes Krf.• Liv Berit K. Befring Ap• Olaug Øystese Ap• Helga Nygård Sp	<ul style="list-style-type: none">• Sven Tore Kulleseid Krf• Heidi Gjerde Ap• Ole Totland Ap• Monica Tjønnå Sp

Andre som var til stades på møtet:

- Tone Ramsli, rådmann – under heile møtet
- Hilde Lill Vaage, ass. Rådmann – fram til ca kl. 16.00
- Magda Haugen, politisk sekretær – under heile møtet
- Nina Erdal, økonomisjef – under sak nr. 46

Merknader:

Orienteringar/meldingar:	<ul style="list-style-type: none">• Orientering om Skatt- og rammeinntekter, finansplassering frå økonomisjefen.
Spørsmål/interpellasjonar:	
Dokument utlevert i møtet:	<ul style="list-style-type: none">• Kopi av E-post: Forslag til opprop frå byrådssekretær i Oslo om øyremerking av tilskot til drift av eldreomsorg.

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 16.11.2010

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
045/10	10/558	Faste saker	
046/10	10/514	Finansreglement	
047/10	10/149	Fastsetjing av budsjettrutiner knytt til utarbeiding av budsjett for kontrollutvalet	
048/10	09/507	Bir Privat - renovasjonsavgift 2011.	
049/10	10/518	Rettleiande satsar/retningsliner, økonomisk sosial hjelp	
050/10	09/635	Utbygging ved Samnangerheimen - vidareføring av prosjekt med utgangspunkt i kommunestyrevedtak 30.09.10	

Utvalet sitt kvarter:

- **Ole Totland Ap** sette fram spørsmål om vegnummerering. Spesielt om ferdigstilling av prosjektet og nummerering av sidevegar. Ordførar Marit A. Aase svara på spørsmålet: Grunna sjukdom og vakanse i stillingar er ikkje arbeidet ferdigstilt. Det vert no arbeidd med at kommunen skal få leiga inn hjelp til ferdigstilling av vegnamnprosjektet som også inkluderer vegnummerering. Øyvind Røen Sp (som medlem i ad-hocutvalet som har arbeidd med saka) svara på spørsmål vedkomande praktisering av forskrifta.
- **Brigt Olav Gåsdal** tok opp spørsmål om opprydding langs vegane etter ulykker no i haust. Han ba om at kommunen må kontakta Statens Vegvesen slik at dei tek saka på alvor og ryddar opp. Ordførar Marit A. Aase svara at ho snarast vil kontakta Statens Vegvesen om saka.
- **Øyvind Røen Sp** spurde om når evalueringa av legevaktsamarbeidet med Os kommune vil finna stad. Ordførar Marit A. Aase svara at denne saka truleg vil verta handsama i februar 2011.
- **Sigmund Dyrhovden Krf** orienterte om vegen ved Verkane (Kvittingsvegen) – her er det svært rasfårleg, og vegstrekninga må utbetrast. Brigt Olav Gåsdal Ap gjorde greie for prosessen med plassering av steinmassar og Hordaland fylke sine planar for dette arbeidet.

SAKNR. 045/10
FASTE SAKER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
 - Protokollen frå førre møte vert godkjent
 - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-

04.11.2010 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

KS-045/10 VEDTAK:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Protokollen frå førre møte vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
- Følgjande kommunestyremedlemmer vart valde til å skriva under møteprotokollen:
 - Brigt Olav Gåsdal AP
 - Vidar R. Rolland Bl
 - Marit A. Aase Krf

SAKNR. 046/10
FINANSREGLEMENT

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

25.10.2010 PERSONAL OG ØKONOMIUTVALET

Handsaming i møtet:

Brigt Olav Gåsdal sette fram slikt framlegg:

Framlegg til finansreglement med vedlegg dagsett 25.10.10 vert vedteke slik det ligg føre.

PØ-043/10 VEDTAK:

Framlegg til finansreglement med vedlegg dagsett 25.10.10 vert vedteke slik det ligg føre.

04.11.2010 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Monica Tjønnå Sp sette fram følgjande framlegg til vedtak:

”Punkt 9 s. 9 framlegg til endring: dersom dette er større enn kr. 500.000,- skal utan...”

Nils Gåsdal Ap sette fram følgjande framlegg til vedtak:

”Punkt 7.1: Ordføraren skal framleis signera lån, rentebinding og refinansiering.”

Det vart røysta:
Monica Tjønnå sitt framlegg fekk 4 røyster og fall
Nils Gåsdal sitt framlegg fekk 15 røyster og vart vedtake.

Det vart deretter røysta over heile Finansreglementet. Dette vart samrøystes vedteke.

KS-046/10 VEDTAK:

Framlegg til finansreglement med vedlegg dagsett 25.10.10 vert vedteke slik det ligg føre med følgjande endring: Punkt 7.1: Ordføraren skal framleis signera lån, rentebinding og refinansiering.

SAKNR. 047/10

FASTSETJING AV BUDSJETTROUTINER KNYTT TIL UTARBEIDING AV BUDSJETT FOR KONTROLLUTVALET

25.10.2010 PERSONAL OG ØKONOMIUTVALET

Handsaming i møtet:

Utvalet var samd med kontrollutvalet sitt framlegg. Det må presiserast at budsjettet til kontrollutvalet sitt framlegg må vera inne til kommunen innan 1. november.

PØ-042/10 VEDTAK:

Skisse til årshjul/rutine for budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet vert vedteke slik det er forma i saksutgreiinga. Kontrollutvalet sitt framlegg til budsjett skal liggja føre innan 1. november.

04.11.2010 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Framlegget til vedtak frå Personal og økonomiutvalet vart samrøystes vedteke.

KS-047/10 VEDTAK:

Skisse til årshjul/rutine for budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet vert vedteke slik det er forma i saksutgreiinga. Kontrollutvalet sitt framlegg til budsjett skal liggja føre innan 1. november.

SAKNR. 048/10

BIR PRIVAT - RENOVASJONSAVGIFT 2011.

25.10.2010 PERSONAL OG ØKONOMIUTVALET

Handsaming i møtet:

Marit A Aase sette fram slikt framlegg som vart samrøystes vedteke:

Samnanger kommune vedtar at BIR Privat as. får delegert fullmakt til å fakturera og krevja inn avfallsgebyret på vegne av Samnanger kommune. Jmf. § 11 i Forskrift om handtering av hushaldningsavfall. Avfallsgebyret tilhøyrer Samnanger kommune.

Samnanger kommune vedtek ein auke i prisen på renovasjonsstenestene på ca 3,4%. Ny pris for vert då kr 1565,- for 12 tømningar, 6 tømningar pr. halvår + kr 27 pr ekstra tømning. Alle prisar er eks. mva.

PØ-044/10 VEDTAK:

Samnanger kommune vedtar at BIR Privat as. får delegert fullmakt til å fakturera og krevja inn avfallsgebyret på vegne av Samnanger kommune. Jmf. § 11 i Forskrift om handtering av hushaldningsavfall. Avfallsgebyret tilhøyrer Samnanger kommune.

Samnanger kommune vedtek ein auke i prisen på renovasjonsstenestene på ca 3,4%. Ny pris for vert då kr 1565,- for 12 tømningar, 6 tømningar pr. halvår + kr 27 pr ekstra tømning. Alle prisar er eks. mva.

04.11.2010 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Det vart røysta over framlegg til vedtak frå PØ:

”Samnanger kommune vedtar at BIR Privat as. får delegert fullmakt til å fakturera og krevja inn avfallsgebyret på vegne av Samnanger kommune. Jmf. § 11 i Forskrift om handtering av hushaldningsavfall. Avfallsgebyret tilhøyrer Samnanger kommune.

Samnanger kommune vedtek ein auke i prisen på renovasjonsstenestene på ca 3,4%. Ny pris for vert då kr 1565,- for 12 tømningar, 6 tømningar pr. halvår + kr 27 pr ekstra tømning. Alle prisar er eks. mva.”

Framlegget vart samrøystes vedteke.

KS-048/10 VEDTAK:

Samnanger kommune vedtar at BIR Privat as. får delegert fullmakt til å fakturera og krevja inn avfallsgebyret på vegne av Samnanger kommune. Jmf. § 11 i Forskrift om handtering av hushaldningsavfall. Avfallsgebyret tilhøyrer Samnanger kommune.

Samnanger kommune vedtek ein auke i prisen på renovasjonsstenestene på ca 3,4%. Ny pris for vert då kr 1565,- for 12 tømningar, 6 tømningar pr. halvår + kr 27 pr ekstra tømning. Alle prisar er eks. mva.

SAKNR. 049/10

RETTLEIANDE SATSAR/RETNINGSLINER, ØKONOMISK SOSIAL HJELP

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka skal avgjerast av kommunestyret og vert lagt fram utan tilråding.

19.10.2010 UTVALET FOR OPPVEKST OG OMSORG

Handsaming i møtet:

Eva Hellevang H sette fram følgjande framlegg: ”Barnetrygda skal ikkje takast med i inntektsgrunlaget for utmåling/tilståing av sosialhjelpa.”

Kristian Jørgensen Krf sette fram følgjande framlegg:” Barnetrygda blir rekna med i inntektsgrunnlaget for sosialhjelp. Når det gjeld ekstra barnetrygd til einslege forsyttarar blir denne halden utanfor inntektsgrunnlaget.”

Det vart røysta alternativ over framlegga. Hellevang sitt framlegg fekk 4 røyster og vart vedteke medan Jørgensen sitt fekk 3 røyster.

Utvalet slutta seg til satsane med det vedteke framlegget.

OO-023/10 VEDTAK:

Satsar/retningsliner, økonomisk sosialhjelp vert vedteke slik det ligg føre med følgjande presisering: Barnetrygda skal ikkje takast med i inntektsgrunnlaget for utmåling/tilståing av sosialhjelpa.

04.11.2010 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Kristian Jørgensen Krf sette fram følgjande framlegg til vedtak:

”Barnetrygda blir rekna med i inntektsgrunnlaget for sosialhjelp. Når det gjeld ekstra barnetrygd til einslege forsyttarar blir denne halden utanfor inntektsgrunnlaget.”

Eva Hellevang H sette fram att framlegget ho hadde til OO:

”Satsar/retningsliner, økonomisk sosialhjelp vert vedteke slik det ligg føre med følgjande presisering: Barnetrygda skal ikkje takast med i inntektsgrunnlaget for utmåling/tilståing av sosialhjelpa.”

Sigmund Dyrhovden Krf. ba om gruppemøte

Etter gruppemøte trekte **Kristian Jørgensen Krf** sitt framlegg

Det vart røysta over framlegget frå OO (som Eva Hellevang sette fram på nytt.) Framlegget vart samrøystes vedteke.

KS-049/10 VEDTAK:

Satsar/retningsliner, økonomisk sosialhjelp vert vedteke slik det ligg føre med følgjande presisering: Barnetrygda skal ikkje takast med i inntektsgrunnlaget for utmåling/tilståing av sosialhjelpa.

SAKNR. 050/10

UTBYGGING VED SAMNANGERHEIMEN - VIDAREFØRING AV PROSJEKT MED UTGANGSPUNKT I KOMMUNESTYREVEDTAK 30.09.10

04.11.2010 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Eva Hellevang H sette fram spørsmål til kommunestyret om hennar gildskap i saka. Eva Hellevang gjekk frå og spørsmålet om gildskap vart deretter drøfta.

Marit A. Aksnes Krf gjorde framlegg om at Eva Hellevang H vert ugild i saka. Dette vart samrøystes vedteke. Kommunestyret utgjorde etter dette 20 representantar.

Bjørn Sævild Bl sette fram følgjande framlegg til vedtak:

”Arbeidsgruppa får mandat til å gå i gong med prosjektet og finansiering av prosjektkostnaden kr. 300.000, finansieres / hentes fra disp.fondet.”

Brigt Olav Gåsdal Ap sette fram følgjande framlegg til vedtak (han tok fram att mindretalsframlegget frå førre møte i kommunestyret):

”Kommunestyret viser til saksutgreiing med vedlegg i sak 37/10 handsama 30. sept. -10. det vert arbeidd vidare med alternativ 3. det vert utarbeidd eit byggjeprogram som skal danna grunnlag for innbyding til anbodsrunde. Oppvekst- omsorgsutvalet vert framleis styringsgruppe for prosjektet. Prosjektgruppa held fram og knyter til seg konsulent. PØ skal saman med administrasjonen utarbeida framlegg til finansiering.”

Øyvind Røen Sp fremja eit tillegg til framlegget frå Bjørn Sævild Bl:

”Etter 2030 vil talet på eldre i Samnanger auka sterkt. Skisseprosjektet må difor innehalda ei vurdering av om det er mogeleg med ei vidare utbygging av Samnangerheimen frå 2025.”

Øyvind Røen Sp ba om gruppemøte. Møtet vart heva frå 16.40 til 16.50.

Brigt Olav Gåsdal Ap fremja eit tillegg til det førre framlegget sitt:

”Styringsgruppa får utvida mandat til å greia ut korleis heimen i framtida kan utvidast med 8 plassar meir enn dei 31 som er lagt inn i prosjektet.”

Det vart røysta ved at Brigte Olav Gåsdal sitt framlegg med tillegg vart sett opp mot Bjørn Sævild sitt framlegg med tilleggsframlegg frå Øyvind Røen.

Bjørn Sævild sitt framlegg med tillegg frå Øyvind Røen fekk 6 røyster og fall.

Brigt Olav Gåsdal sitt framlegg med tillegg fekk 14 røyster og vart vedteke.

KS-050/10 VEDTAK:

Kommunestyret viser til saksutgreiing med vedlegg i sak 37/10 handsama 30. sept. -10. det vert arbeidd vidare med alternativ 3. det vert utarbeidd eit byggjeprogram som skal danna grunnlag for innbyding til anbodsrunde. Oppvekst- omsorgsutvalet vert framleis styringsgruppe for prosjektet. Prosjektgruppa held fram og knyter til seg konsulent. PØ skal saman med administrasjonen utarbeida framlegg til finansiering.

Styringsgruppa får utvida mandat til å greia ut korleis heimen i framtida kan utvidast med 8 plassar meir enn dei 31 som er lagt inn i prosjektet.

